



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Lagårdsveien 78, Postboks 59, 4001 Stavanger. E-post: postmottak@fm-ro.sri.stat.no
Landbruksavdelinga, Langflåtveien 29, Postboks 210, 4001 Stavanger

Saksbehandlar, direktetelefon
Anne-Merete H. Aasmo, 51568934
E-post: anne-merete.aasmo@fm-ro.stat.no

Arkivnummer
471.1
Vår referanse
2000/09224-3 /AMAA

Dato
30.01.2001
Dykkar referanse
00/01456

KOPI

Hjelmeland kommune

4130 HJELMELAND

VIKANESSET FYLLPLASS – LØYVE TIL AVSLUTTING, LUKKING OG ETTERDRIFT

Vi viser til oversending frå Hjelmeland kommune datert 19.05.95, kor det blir gjort greie for avvikling av Vikaneset fyllplass.

Fylkesmannen har nå sluttbehandla søknaden og gir løyve på visse vilkår. Løyvet med vilkår følgjer vedlagt dette brevet. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11 og § 16 og gjeld frå dags dato.

Dei forholda som er vurdert å ha størst miljømessige konsekvensar er regulert i løyvet. *Endringar* i dette løyvet må gjerast skriftleg. Dersom verksemda vert overført til ny eigar, skal fylkesmannen ha skriftleg melding om dette seinast ein månad etter eigarskiftet. Vi gjer merksam på at eigarskifte kan føre til endringar i utsleppsløyvet i samsvar med forureiningslova § 18.

Fylkesmannen gjer merksam på at sjølv om visse forureinande verknader kan inntreffe som følgje av dei utslepp løyvet gir høve til, er ikkje Hjelmeland kommune friteken frå plikt til å betale erstatning eller vederlag etter grannelova for slike eventuelle verknader, jf. forureiningslova § 56.

Generelt er det å ikkje overhalde utsleppsvilkåra straffbart etter forureiningslova og straffelova.

Bakgrunn for saka

Fylkesmannen ga løyve til utslepp frå Vikaneset fyllplass den 22.01.79. Frå 1980 til 1996 blei det deponert avfall på fyllinga.

Det ligg 3 slamlaguner på avfallsplassen som Ryfylke miljøverk (Rymi) har ansvaret for. Lagunene er framleis i drift, men slamdeponeringa skal avsluttast og slammet skal køyrast til Nordmarka fyllplass på Tau.

Hjelmeland kommune kjenner til saka frå før og har kome med innspel til løyvet gjennom fleire brev. Fylkesmannen har derfor med heimel i § 7 i forskrift om saksbehandling etter forureiningslova, gjort unntak frå kravet om førehandsvarsling.

Sakspapira har ikkje vert lagd til offentleg gjennomsyn. Løyvet blir derfor etterhåndskunngjort i Norsk lysingsblad, Stavanger Aftenblad og Bygdaposten.

Grunngiving for vedtaket

På grunnlag av Stortingsmelding nr. 44 (1991-92) om tiltak for reduserte avfallsmengder, auka gjenvinning og forsvarleg sluttbehandling av restavfall, har Statens forureiningsstilsyn (SFT) fastsett retningslinjer til fylkesmannen for handtering av fyllplassar. Retningslinjene inneber mellom anna at det skal stillast krav til forsvarleg avslutting, lukking og etterkontroll av avfallsplassar. Etterkontrollen gjeld utslepp til luft og vatn og resipientkontroll i ein periode på inntil 30 år etter avslutting av fyllinga.

Vikaneset fyllplass inneheldt om lag 3000 tonn avfall då deponeringa vart avslutta i 1996. Avfallsdeponiet er tildekkka av overskotsjord og litt stein og er planert.

Overflatevatnet frå omkringliggjande områder blir samla opp i eit avskjerande grøftesystem. Overflatevatnet skal ikkje kome i kontakt med deponiet.

Sigevatnet blir leia i drensleidningar til ein inntakskum og deretter i utsleppsleidning til Vassvika på 30 meters djup. I kummen skal det takast prøvar av sigevatnet. Prøvetakingsprogrammet skal gjennomførast i minimum eit år og fylkesmannen vil på bakgrunn av resultatane vurdere om det er nødvendig å fortsette programmet.

Produksjonen av deponigass er kartlagt av ProMi AS i 1995. Det blei sagt i rapporten at det var liten gassmengde i deponiet og at aktiv gassoppsamling og avfakling ikkje var praktisk forsvarleg. Det blir derfor ikkje stilt krav til vidare utredning av gassmengder. Toppdekket må likevel utformast slik at det blir oppnådd maksimal oksidasjon/biologisk nedbryting av eventuell metangass som kjem til overflata.

Det meste av fyllinga er dekkka med jord og stein. Slamlagunene skal vere avslutta innan 01.03.01. Etter at slammet har fått den nødvendige opphaldstida i lagunene, skal desse dekkjast til, planerast og tilsåast.

Fylkesmannen finn at vilkåra som er fastsett i løyvet sikrar framskaffing av opplysningar som er nødvendig for å vurdere forureiningspotensialet på fylling. På grunnlag av desse opplysningane kan fylkesmannen på eit seinare tidspunkt krevje nye tiltak for å verne ytre miljø mot forureining frå den nedlagde fyllplassen.


Fristar

Tiltak	Vilkår	Frist
Avslutting av slamlagunene	3.5	01.03.01
tildekking, planering og tilsåing av lagunene	3.5	01.07.01
prøvetaking	3.4	jan., mai, sept.
Innsending av prøveresultata	3.4	01.01.02

Rett til klage

Dette løyvet kan påklagast til Statens forureiningstilsyn (SFT) innan tre veker frå melding om avgjerda er motteken. Mogeleg, grunngitt klage, skal rettast til SFT og sendast til Fylkesmannen i Rogaland.


Marit Sundsvik Bendixen
seksjonsleiar


Anne-Merete H. Aasmo
avdelingsingeniør

Vedlegg: Løyve med vilkår

Kopi: Ryfylke miljøverk IKS, 4130 HJELMELAND



KOPI

Løyve for avslutting, lukking og etterdrift av Vikaneset fyllplass

gitt med heimel i lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) av 13. mars 1981 nr. 6, med seinare endringar, §§ 11, 16 og 29. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i brev datert 18.10.00 og 29.07.96 og opplysningar framkomne under behandlinga av saka. Vilkår er gitt på side 2 til og med side 4. Endringar som konsesjonsinnehavar ønskjer å foreta i høve til desse, må vera avtalt med fylkesmannen på førehand.

Med heimel i omgjeringsreglane i forureiningslova § 18, kan fylkesmannen oppheva eller endra vilkåra i løyvet eller setje nye vilkår, og om nødvendig kalle løyvet tilbake. I alle høve kan løyvet kallast tilbake eller endrast når det er gått 10 år etter at det er gitt. Løyvet frittek ikkje konsesjonsinnehavar for innhenting av andre løyve for andre sider av verksemda, eller for erstatningskrav etter dei almenne erstatningsreglane, jf. forureiningslova § 10, 2. ledd og kap. 8.

Vi gjer merksam på at løyvet ikkje frittek frå plikter i høve til anna lovverk.

Løyvet gjeld i 30 år frå dags dato.


Anleggsdata:


Anleggseigar:	Hjelmeland kommune		
Anlegget si lokalisering:	Vikaneset, Hjelmeland		
Poststad:	4130 HJELMELAND	Kommune:	1133 Hjelmeland

Løyve gjeld avslutting, lukking og etterdrift av Vikaneset fyllplass

Fylkesmannen sin referanse: saksnr. 2000/09224-3 /AMAA arkivnr. 471.1

Dato: 30.01.2001


Marit Sundsvik Bendixen
seksjonsleiar


Anne-Merete H. Aasmo
avdelingsingeniør

1 JURIDISKE VILKÅR

1.1 Underlag for løyvet

Dette løyvet er basert på følgjande lover og forskrifter:

- "Lov om vern mot forurensninger og om avfall" (Forureiningslova) av 13.03.1981 med seinare endringar.
- "Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter" (Internkontrollforskrifta) fastsett ved kgl. resolusjon 22.03.1991.

1.2 Forureiningsgebyr

Med heimel i forureiningslova § 73 kan fylkesmannen fastsetje forureiningsgebyr til staten for å sikra at tiltak pålagde i samsvar med løyvet blir sette i verk.

1.3 Brot på vilkåra

Brot på vilkåra i løyvet er straffbart i medhald av forureiningslova kap. 10, dersom ikkje forholdet blir påtalt etter strengare straffereglar.

2 ANLEGG

2.1 Lokalisering

Vikanes fyllplass ligg på Vikaneset ved Ølesund i Hjelmeland kommune. Avrenninga frå fyllplassområdet går til Vassvika via avskjerande grøfter.

2.2 Utforming

Då fyllplassen blei avslutta i 1996 inneheldt den ca. 3000 tonn avfall totalt. Deponiet er tildekkja av overskotsjord og litt stein.

På området ligg det også 3 slamlaguner som framleis er i drift. Det er Ryfylke Miljøverk (Rymi) som har ansvaret for slamlagunene. Slamlagunene er ikkje planert ut.

3 UTSLEPP TIL VATN

3.1 Handsaming av overvatn

For å hindre utvasking av forureinande stoff frå deponiet skal minst mogleg overflatevann frå områda omkring kome i kontakt med deponert avfall. Overflatevatnet skal derfor avskjerast før det kjem inn på deponiområdet og leiast utanom eller i tett leidning gjennom deponiet.

3.2 Handsaming av sigevatn

For å verne områda omkring fyllplassen mot forureining skal sigevatnet frå fyllplassen samlast opp og leiast i utsleppsleidning til sjø. Utsleppsleidninga går ut i Vassvik på 30 meter djup.

Systemet for sigevatn må utformast sånn at oppstuving av sigevatn i deponiet ikkje førekjem. Det skal takast prøvar av sigevatnet.

3.3 Prøvetaking, analysar m.v.

Alle vasskjemiske analysar som skal utførast i vilkåra 3.4 skal utførast ved akkreditert laboratorium. Laboratoriet bør angi prøvetakingsmetode. Krav om rapportering til fylkesmannen er gitt i vilkår 5. Analysekostnadane skal dekkjast av anleggseigar.

3.4 Overvaking av sigevann

Det finst ein målestasjon for sigevatnet før vatnet går ut i utsleppsleidning på 30 meters djup i Vassvika. I målekummen skal det takast prøver for analyse

Prøvane skal analyserast etter følgjande minimumsprogram:

Grunnprogram 3 gonger årleg *	Tilleggsprogram 1 gong årleg **
Leidningsevne	Kopar (Cu)
PH	Krom (Cr)
TOC	Nikkel (Ni)
Total nitrogen	Sink (Zn)
Bly (Pb)	
Jern (Fe)	
Kadmium (Cd)	
Kvikksølv (Hg)	

* Skal utførast i januar, mai og september

** Skal utførast i mai

Prøvetakar må anslå vassføringa når han hentar prøvane.

Programmet skal gjennomførast i minimum eit år. Fylkesmannen vil på bakgrunn av resultatane vurdere om det er nødvendig å fortsette med programmet. Resultatane skal sendast til fylkesmannen innan 01.01.2002. Dei skal kommenterast og forslag til vidare undersøking legges ved.

Fylkesmannen kan seinare stilla krav om andre analyseparametrar og prøvetakingsfrekvensar.

3.5 Planering, forming og tildekking

Avfallsfyllinga skal ha ei utforming og tildekking som sikrar at nedbør og overflatevatn i minst mogleg grad kan trengje inn i fyllinga.

Slamlagunene som ligg på same område som avfallsdeponiet skal avsluttast innan 01.03.2001. Da skal dei dekkjast til og området skal planerast og såes i innan 01.07.2001.

3.6 Vern mot ulemper for nærmiljøet

I etterdriftsperioden skal ulempene for nærmiljøet avgrensast så langt råd er, dette gjeld mellom anna flygeavfall og skadedyr.

Noverande inngjerding ved innkøyringa skal haldast vedlike inntil vidare. Når planering og tildekking av deponiet er avslutta, vil fylkesmannen ta stilling til fortsett inngjerding.

Når avfallsfyllinga er tildekkta skal det setjast i verk ein ryddeaksjon i nærområdet til fyllplassen for å fjerna flygeavfall m.v.

4 UTSLEPP TIL LUFT

Produksjonen av deponigass er kartlagt av ProMiAS i 1995. Det blei sagt i rapporten at det var liten gassmengde i deponiet og at aktiv gassoppsamling og avfakling ikkje var praktisk forsvarleg. Det blir derfor ikkje stilt krav til vidare utredning av gassmengde.

Overflata på fyllplassen skal derimot utformast sånn at eventuell metangass som kjem til overflata blir oksidert i størst mogeleg grad.

5 RAPPORTERING

Eigar av anlegget skal sende inn skriftleg stadfesting innan fastsette tidsfristar på at pålagde tiltak er gjennomført.

Analyseresultata for sigevatn skal sendast fylkesmannen innan fristane. Resultata skal kommenterast, og forslag til vidare undersøkingar leggjers ved.